



MØTEBOK

Møte: 5-2019
Møtedato: Onsdag 20.11.2019
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 18.30

Desse møtte:

Roald Stautland, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Solfrid Lønning, Odd Kåre Sakseid, Asbjørn Gundersen, Olava Nord (1. vara kom.rep.) og Trygve Leigland.

Desse møtte ikkje:

Sammy Olsen, Elin Taranger (heller ikkje 1. eller 2. vara, Per Harald Gjerde eller Rune Sivertsen stilte)

Roald Stautland leiar møtet. Berit Hallaråker hadde ord for kvelden.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Ei ny sak vert sett opp:

2019 – 05 – 07: Godtgjersle til fellesrådsmedlemmer.

2019-05-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 4 – 2019 vart godkjent.

2019-05-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Oppdatering på vedlikehaldssaker:

- a. Fleire EL-kontrollar utført av Finnås Kraftlag.
- b. Ferdig med renovering av servicehuset på Vorland.
- c. «Utemøblar» til parken ved Bømlo kyrkje. Sverre Leon Larsen på grunnarbeidet.
- d. Utsiktsrydding ved Bømlo kyrkje.

Det vart stilt spørsmål til om ny safe var komme på plass i Lykling. Dette er ikkje gjort

Det vart gjort oppmerksom på flomlys på Moster kyrkje som ikkje er gode.

Led-lys vart drøfta.

2. Oppdatering på investeringar

- a. Oppfylling av D-feltet på Lykling er så godt som ferdig. Har gjennomført sluttsynfaring. Ein del knytt til minnelunden som ikkje var tilfredsstillande.
- b. Har snakka med Odd Ivar Vik i Novaform ang. prosjektkøyring på Bømlo kyrkje, og også generell prosjektkøyring og oppfølging. Hans tilbakemelding er at dette er interessant men vil gjere oppdraget knytt til firmaet han no er

tilsett i, og på timebasis. Det vart presisert at ein må ha estimat, og eventuelt maks pris.

- c. Sverre Leon Larsen er ferdig med muren på Vorland.
- d. Konkurransesgrunnlag – Orgel Moster (Sjå egne vedlegg).

3. Oppdatering på stabssituasjonen.

- a. Ny reinhaldar på plass i Bremnes og Lykling.

2019-05-03 **INVESTERINGSBUDSJETT 2020 – 2023**

Det vart gjeve ei orientering om investeringsbudsjettet som har vorte endra litt etter vedtaket i vinter (møte 2019 – 1). Etter møte med rådmann og økonomisjef vart det gjort klart av rådmann at han vil legge fram budsjettynskje slik fellesrådet har lagt det fram for rådmannen. Det vart også presisert at fellesrådet kan gjere omprioriteringar på prosjekt, men at rådmann/kommuneleiinga må orienterast om evt. endringar. Ramma frå år til år vert lagt inn som føreslege av kyrkjeleg fellesråd. Det vart elles stilt spørsmål til om kyrkjevevje hadde hatt noko meir kontakt ang. parkeringsplassutviding ved Bømlo kyrkje, noko som ikkje var gjort.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner førebels investeringsbudsjettet slik det føreligg. Endeleg investeringsbudsjett må føreligge etter kommunalt vedtak av budsjett.

Revidert budsjettforslag 2020 - 2023	2020	2021	2022	2023	Total ramme
Planlegging og oppgradering av Bømlo kyrkje	350				3500
Planlegging og utviding av Vorland kyrkjegard	3200	3450			7000
Utviding av Fagervoll	450	2000	2050		4500
Planlegging og bygging av nytt orgel i Moster kyrkje	1500		2000	650	4650
Planlegging av gravplassutviding på Moster			350	3250	4600
Utviding av parkeringsplass ved Bømlo kyrkje				1500	1500
Kyrkjelydshus /kyrkjestove knytt til Bremnes kyrkje				350	-
Sum	5 500	5 450	4 400	5 750	

2019-05-04 **DRIFTSBUDSJETT 2020**

Det vart samtalt om behovet for å få malt kyrkjene, og kyrkjevevja vart utfordra på å få auka ramma til vedlikehald kyrkjer. Det vart også sagt spesifikt at ein måtte henta inn pris på dette. Det vart uttrykt at Moster nok er den kyrkja som bør takast først.

Kyrkjevevja fekk i oppgåve å synleggjere 20% stillinga som ein har spart inn i administrasjonen som følgje av at diakonistillinga har fått stønad frå bispedømekontoret. Det vart også føreslege om ein kunne få på plass ein avtale med sokneråda om fast tilskot til barn og ungdomsarbeid på same måte som ein har fått tilskot til diakonistillinga. Dette då ein no har kutta ynskje om tilskot til diakonistillinga frå 200 000,- til 100 000,-

Vedtak:

1. Fellesrådet tek foreløpig driftsbudsjett for 2020 til orientering.
2. Fellesrådet ber om endeleg budsjettframlegg til første møte i 2020 etter vedteke tilskot frå kommunen.

2019-05-05 REVIDERING AV LOKALE KYRKJEGARDSVEDTEKTER

Saka vart utsett til nytt fellesråd er komme på plass.

2019-05-06 KVARTALSRAPPORT 3. KVARTAL

Nokre nøkkeltal frå kvartalsrapporten vart gjennomgått og forklart.

Vedtak:

- 1. Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal 2019 til vitande.**

2019-05-07 MØTEGODTGJERSLE TIL FELLESRÅDSMEDLMMER OG SOKNERÅDSLEIARAR

Vedtak:

- 1. Satsar for møtegodtgjersle og godtgjersle til formann vert auka med tilsvarande prosent som kommune har hatt på sine satsar for utvalsmøte og leiargodtgjersle dei siste fire åra.**
- 2. Nye satsar vert gjeldande frå 2020.**

Bremnes, den 16. desember 2019

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje